



■ møtereferat – Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet for tannhelsetenesta

Ephorte: 2019/3368

Tema:	Stad og tid:
Møtereferat SAMU-T 11.06.2019	Fylkeshuset, møterom 103

Til stades: Medlemmer		Varamedlemmer	
Louise Frostad Liaset	X	Karoline Stølen	
Solveig Tjosaas	X	Marianne S. Rudi	
Laila Aas	X	Grete Gussiås	
Anthony N. Valen	X	Morten Larsen	
Are Kristofer Hjeltnes	X	Siv Lilleholt	
Tone Nord	X	Hege Myklebust	

Andre:
HMS-rådgiver Silvia Stranden, Stamina Helse
Rådgivar Tove Istad, NAV arbeidslivssenter

Referent:	Neste møte:
Morten Larsen, 71280203	Blir avklart innan utgangen av juni.

Det var ingen merknader til møteinnkallinga eller til referat frå møtet 14.12.2018.

Saksliste

13/2019	<p>Orientering - sjukefråversutvikling 1. kvartal 2019</p> <p>Morten Larsen orienterte, etterfølgd av kommentarar og innspel om utfordringar i sjukefråversarbeidet. Fråveret er redusert med eit par prosentpoeng frå tilsvarande kvartal i 2018. Stort sett det same mønsteret som tidlegare når vi bryt ned fråveret på regionsnivå. Vi ser tendensar til eit aukande korttidsfråver. I lys av tannhelsetenesta sine utfordringar og ny IA-avtale vil det bli gjennomført eigen temadag sjukefråver for klinikkleiarar i november 2019.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar orienteringa om sjukefråværet til orientering.</p>
14/2019	<p>Orientering - rekrutteringssituasjonen per juni 2019</p> <p>Morten Larsen orienterte om status for stillingar utlyst så langt i 2019. Sjølv om det i praksis er innført stillingsstopp i fylkeskommunen (som følgje av innsparingsbehova) er tannhelsetenesta heilt avhengig av å tilsette nye medarbeidarar av omsyn til å halde oppe tenesteproduksjonen og unngå auka belastning på tilsette.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om rekrutteringssituasjonen til orientering.</p>
15/2019	<p>Omstilling 2020 - delprosjekt (P5) Organisering og struktur for den offentlege tannhelsetenesta (orientering og drøfting)</p> <p>Arbeidsgivar gikk gjennom hovudmål, organisering og framdrift for prosjektet. SAMU-T har status som referansegruppe for prosjektet. P5 er eit delprosjekt innanfor ramma av den overordna prosjektplanen for «Omstilling 2020». Samla for heile FK skal driftsrammene ned med 240 mill. kroner. Det er ikkje sett måltall for reduksjon av rammene for tannhelse med bakgrunn i at sektoren allereie er underfinansiert. Prosjektrapporten har deadline 14. oktober og må beskrive framtidig organisering, struktur og kostnader i alternative modellar. Fullfinansiering, uavhengig av modell, blir avgjerande for å sikre stabil bemanning, godt arbeidsmiljø</p>

	<p>og tenestekvalitet. Vi er no inne i ein fase med kvalitetssikring av kunnskapsgrunnlaget, m.a. folketalsframskriving, som viser fleire eldre over 70 år og færre barn og unge. Det blir viktig å definere kvalitetsindikatorar (både for gruppe A og C) som grunnlag for måloppnåing/gevinstrealisering. Drøftinga viser at det blir avgjerande å finne ei optimal organisering i ein rekrutterande tenestestruktur. I dette bildet inngår m.a. kompetansepåfyll, variert behandling og akseptabel arbeidsbelastning for å bygge attraktive og stabile fagmiljø.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjon om prosjektorganisering og framdrift for P5, delprosjekt tannhelse, til orientering.</p>
16/2019	<p>MTM-handlingsplanar for kompetanseregionane - bevarings- og forbetningsområde</p> <p>Morten Larsen orienterte. Føremålet med oppsummering av MTM-handlingsplanane er å gi SAMU-T informasjon om arbeidet på regionnivå med oppfølging av resultatane, samt område som regionane vil fokusere og forbetre/bevare i tida framover. Felles for bevaringsområda er:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Samarbeid/sosiale forhold • Fokus på arbeidsoppgåvene • Kompetansedeling • Informasjonsflyt <p>Felles for forbetningsområda er:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ergonomi • Gjennomgang av møter • Innflytelse over arbeid, auka «sjølvstyre» og medrårderett • Styrke relasjonsleiinga • Informasjonsflyt • Fagleg utvikling <p>SAMU-T gikk gjennom dei ulike punkta og diskuterte spesielt informasjonsformidlinga mellom dei ulike nivåa i tannhelsetenesta. Intranett fungerer dårleg. Før fylkeskommunens intranettløysing oppdaterast (2020) bør ein sikre informasjonsformidling via «nyhetsbrev» eller liknande.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om MTM-handlingsplanar for kompetanseregionane til orientering.</p>
17/2019	<p>Open post</p> <ul style="list-style-type: none"> • Parat tok opp behovet for tid i samband med etatssamlinga 17. og 18. til avvikling av årsmøte i arbeidstakarorganisasjonane. Arbeidsgivar svarte at det blir lagt opp til at organisasjonane kan arrangere eigne samlingar/årsmøte i forlenginga av programslett den 17. september. • Arbeidsgivar orienterte om rammeprogrammet for etatssamling, som m.a. vil omfatte motiverande intervju, barnevernstema, TOO (organisering og ansvar), rus og psykiatri (førebyggjande kommunikasjon), omstilling 2020 og Forandringsfabrikken/»Barnevernsproffene».